

Helge Kleppe

Fra: Helge Kleppe
Sendt: onsdag 23. mars 2022 20:20
Til: 'magnar.aahjem@gmail.com'; 'Alf-Kristian Berget'; 'Arild Skorge'; 'espen.wingaard@gmail.com'; 'Pernille Ibsen Lervåg'; 'Gyda Kriken'
Emne: Reguleringsmøte gruppe Vanylven Turistknytepunkt 17.03.2022- referat
Vedlegg: Dokument 03_Plankart_Turistknytepunkt_10.10.21 (L)(70782).pdf

Hei. Her kjem referat frå møte vi hadde vdr. Thue krysset. Ber om tilbakemelding dersom noko er feil i referatet eller noko treng å leggast til.

Møte:	Drøftingsmøte		
Dato:	16.03.2022		
Tid:	Kl. 16:00		
Oppmøte:	Teknisk sektor		
Deltakara:	Namn	Tittel	Oppmøte
	Lars Magnar Aahjem	Grunneigar 71/5	
	Gyda Siri Kriken	Grunneigar 71/30	X
	Berget Elektro Invest AS ved Alf Kristian Berget	Grunneigar 71/35	X
	Arild Skorge		X
	Lilly Ann Bakkebø		X
	Espen Wingaard		
	Pernille I. Lervåg	Norconsult	X
	Helge Kleppe	Vanylven kommune	X

Sak	Detaljer
1. Innleiing	Kommunestyret vedtok i møte 13.12.2021 å sette reguleringsplan Turistknytepunkt Vanylven på vent medan ein ser på mogleg løysing for å utvikle området. Kommunen skal sette ned ei nemnd som vurderer området, der blant andre grunneigarane skal ha moglegheit å delta. Grupper er nedsett, og er kalla inn til eit diskusjonsmøte.
2. Presentasjon av reguleringsplan framlagt politisk.	Norconsult ved Pernille Leirvåg presenterte reguleringsplan som vart lagt fram i kommunestyremøte 12.12.2021. Det var orientert om utviklinga av planen fram til forslaget som er presentert i dag. Reguleringsplanen er lagt fram som eit attraktivt turistknytepunkt på Åheim. Her er det lagt til rette for parkeringsplass for lastebilar nær Thue-krysset og eit turistbygg nær Åheimselva (jf. plankart datert 10.12.2021).
3. Utale frå kva ein skilde i gruppa	<p><u>Gyda Siri Kriken:</u> Gyda eig eigeidom 71/5 (kvitt hus) ved elv, som i reguleringsforslag er regulert til eit område for turisme. Grunneigar ynskjer ikkje at eigedom vert selt, ettersom det er brukt mykje energi og midlar for total renovere husstanden å gjere den om til ein heilårsbustad. Det er ikkje lenge sida grunneigar flytta frå Østlandet til Åheim for bu akkurat her, sjølv om jobbspendingar til Oslo. Å flytte til andre plassar på Åheim er ikkje aktuelt. Gyda fortel at ser føre seg at husstanden vil verte ein base for hennar vänner og ulike klubbar som kjem på besøke frå Østlandet. Det vert ytra at ho ikkje er mot turisme, men meiner at det må finnast andre måtar og fleire aktiviter å stimulere til turisme i Åheim enn å plassere eit turistbygg framfor hennar bustad. Gyda er bekymra for kva reguleringsplan kan gjere med retten hennar til avkøyrse til fv.61. Ho er bekymra for at området ikkje verte orna opp i høve til vatn og avløp.</p> <p><u>Alf Kristian Berget:</u> Berget Elektro Invest AS er grunneigar av eigedom 71/30 (misjonshuset). Han forklare viktigheita med beliggenheita når denne eigedomen vart kjøpt. Firmaet ynskjer å bygge kontor (10-12 ansatte) og lager på den 2 mål mstore tomta, som kunne med fordel vorte utvida (4 mål). Alf ser ikkje problematik i at desse bygga og turistsenter bygg kunne byggast i lag. Han ser med stor fordel at det LNF området i midten av den presenterte reguleringsplanen kunne brukast.</p> <p><u>Arild Skorge:</u> Arild fortel at han ilag med Jermund Rekkedal lanserte ideen Thue –Krysset , og har laga ein illustrasjon der ein såg føre seg å etablere butikkareal, truck-stopp og bobil-camping med sanitæranlegg, ladestasjon for el-bil og andre turistrelaterte aktivitetar som skulle romma blant anna Norsk Olivinsenter, Valborgsamlinga og Kysteverket.</p> <p><u>Lilly Ann Bakkebø:</u> Ser viktigheita å lage ein innbydande plass slik at turistar kan stoppe. Ho erferar gjennom eiga servicearbeid at det er mykje turistar, som stoppar som skal vidare til Stad og Måløy. Å skape aktivitet ved dette sentrale krysset i kommunen vil vere bra for Vanylven.</p> <p><u>Espen Wingaard:</u></p>

Espen fortel at strekt inn i Olivinsenteret, som er plassert i kommunalt bygg på oversida av regulert område. Han fortel at senteret gjev viktig info om den særegne geologien i området, som mange har reist for å sjå. Espen forklarar at Thue-Krysset vurderer han som det viktigaste krysset/innangspurt i Norge. Her skal verdast einaste tunell for skip etablerast og virke. Det vert derfor særdeles viktig å legge til rette for visning- og infosenter, service, handel og turist relaterte aktivitetar. Ved eit større serviceutvikling vil dette grobotn for fleire arbeidsplassar. Ein plass som kan reklamere for andre turisme i kommunen. Viktig at arbeidet med regulering får ein fortgang, slik at aktivitet kan komme i raskt som mogleg. Espen påpeikar mogligheita å utføre mekling med fylkesordførar Minner gruppa på at dette ein mogligheit som ein får no, og som ikkje burde gå frå Vanylven, som er plassert sentralt i dette skipsleidet.

Lars Magnar Aahjem:
Hadde ikkje anledning å stille på møte.

Norconsult ved Pernille Leirvåg:
Pernille påpeika viktigheita med å bevare LNF-området i reguleringsplan, for å møte komme Statsforvaltar, når han utale etter oppstartsvarsel at område med stor sannsyn gitt motsegn. Konsulent ser det som fordelaktiv for planen at vert etablert eit bygg/område som har konkrete planar, og kan kombinerast eit turistbygg. Ho ser føre seg LNF område burde etablert frå elvekant opp til område sett av for turisme og næring. Det vert påpeika at det er viktig at ein skiljar næring og turisme interessene for å varta tryggleikomsyn med omsyn til mjuke trafikantar. Norconsult påpeker at den mest attraktive plasseringa for eit visningssenter er tett ved elva, men vi forstår av same grunn veldig godt kvifor Gyda vil verte buande der. Oppdelinga mellom areal for visningssenter og areal for lastebilparkering var vidare viktig med omsyn til trafikktryggleik og trivsel for turistar. Eit turistsenter er lettare å kombinere med den aktiviteten som Berget Elektro foreslår/skisserer, og ein samlokalisering vil då både redusere dei negative verknadane for Gyda samt muligvis redusere inngrep i dyrka mark med omsyn til det planforslag som per no ligger på bordet. Avkøyrse til Gyda kan sikrast gjennom å nytte regulert gang- og sykkelveg forklarar Norconsult.

4. Konklusjon	<p><u>Gruppa føreslår følgjande:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det lagast eit kombinasjonsbygg/-område for Berget Elektro Invest AS og for turisme. Turistbygget bør ikkje plassert ved elva i siktlinja til husstand til Gyda. - LNF-område vert etablert frå elvekant opp til areal regulert til turisme. - Lastebilparkering går ut. Området vert for lite til eit slikt anlegg, samstundes som trafikkområde kan lite foreinast med trafikk av turistar. - Norconsult teiknar eit forslag til plan utifrå desse skisserte prinsippa.
---------------	---

Med helsing

Helge Kleppe kommunalsjef teknisk
Teknisk sektor
Vanylven kommune



Tlf 700 30000 | Dir 70030071 | Mob 93289894